

**Gjeld våre produkt :**

1. Toppsving vindauge TS
2. Fastkarm vindauge FK
3. Sidehengsla vindauge SH
4. Innadslåande vindauge IV
5. Balkongdører BD

**Materialspesifikasjonar :**

Karm :	92/115 mm karm. Standard karm blir levert i 92mm. Moelven Profil AS
Ramme :	65/82 mm ramme. Standard ramme blir levert i 65mm. Moelven Profil AS
Profil :	Me har 3 variantar, gammal, klassisk og moderne profil. Vår standard er gammal profil dersom ikkje anna er valt på førehand.
Monteringshol :	Det er forbora hol til montering på 12mm. Monteringskruar følg ikkje med.
Notspor :	Vindauga kan leverast med innvendig eller utvendig notspor. Standard er vindauge levert med innvendig notspor på 10mm.
Glass :	Leverast i 1, 2 eller 3 lag inn til 48mm. Vår glassleverandør er PressGlass <ul style="list-style-type: none"><li>- 2-lag blir levert som 2-lags energiglass One med (4-15-4)</li><li>- 3-lag blir levert som 3-lags energiglass med 2 ultra (4e-18-4-18-e4)</li><li>- Begge variantar kan leverast i ulike utføringar med soldemping, tryggleiksglass, bioclean (sjølvreinsande) eller som støyreducerande glass.</li></ul>
Bunnglasslist :	Leverast i blank, kvit (NCS S0502Y) eller sort (RAL 9005). Standard kvit og blank.
Glasslist :	Våre glasslister blir leverte i kvit PVC S0502Y som standard. Ved farge, blir dei leverte i tre med NCS-farge som produktet sin farge. Ved bruk av klassisk kvit, nyttar me sprosser, glasslister og bunnglasslist i S0502Y
Sprosser :	Våre sprosser blir leverte i PVC kvit S0502Y 28/44mm. Ved farge blir det nytta tresprosser i NCS som produktet. Ved klassisk kvit blir det nytta S0502Y
Spacer :	Kan leverast i grå, kvit eller svart utføring. Standard er grå RAL 7035 utføring.
Beslag :	Toppsving – blir nytta beslag frå Spilka Industri AS Sidehengsla – blir nytta beslag frå IPA Innadslåande – blir nytta beslag frå Roto  Balkongdører – blir nytta beslag frå Assa Abloy
Vridere :	Vår leverandørar av vridere er Sørbo, Roto, Ipa og Hoppe

**Overflatebehandling :**

Impregnering : Flow coat med sopp og råtehemmande middel levert av Teknos Norge AS  
Maling : Grunning og toppstrøk, vanntynna maling frå Teknos Norge AS. Glansgrad 30  
Farge : Farge kan leverast i alle NCS – kodar. Vår standard kvit er NCS S0502Y


**Vedlikehold, drift av produkta :****Reingjeringsmetodar :**

Våre produkt bør reingjerast ved behov. Det skal då nyttast mildt såpevatn, uten slipemiddel. Me vil anbefale alle kundar å gjere dette minst ein gang i året. Det må ikkje nyttast etsande væske eller skarpe gjenstandar som kan skrape opp glassa.

**Bioclean (Sjølvreinsande glas):**

Desse vindauga reingjer seg delvis sjølv ved hjelp av regn og UV-strålar frå sollyset. Skit og støv vil då bli fjerna frå glasset. Bruk gjerne kaldt vatn frå hageslange, for å få eit betre resultat. Dette vil løyse opp og reingjere glasa dine på ein rask og skånsom måte. Ved montering, vent minst ei veke før du vaskar produktet. Produktet er ikkje vedlikeholdsfritt. Ved reingjering, **følg avsnitt under:**

Bruk ein mjuk, rein og lofri klut eller pusseskinn ved vask. Du kan og bruke ein svamp (ikkje skuresvamp), eller ein rein vindusnal uten metall. Utstyret og glasset må være heilt reint, slik at du ikkje overfører skitt eller støv til glasset som kan stripe opp belegget. Bruk reint vatn, eller eit standard mildt vaskemiddel for glass. «blautt» vatn er best. Dersom det er hardt vatn der du bur, kan du bruke litt oppvaskmiddel i vatnet. Ikkje bruk kjemiske produkt, eller middel som inneheld silikon eller slipepartiklar.



**Løpande vedlikehold :**

Alle malte overflater skal vedlikeholdast med vann eller oljebaserte overflatebehandlingsmiddel etter behov. Det er ikkje noko fast intervall på dette, men me anbefaler alle å gjere dette årleg. Du vil då få skylt bort ulik forureining, og produktet ditt vil vare lengre før anna vedlikehold. Ved å utføre dette vedlikeholdet, kan du forvente at våre produkt skal være frie for anna vedlikehold dei første 5-7 åra. Lokale forhold som vær og vind vil sjølvstund kunne påverke dette.

**Periodisk vedlikehold**

Alle bevegelege deler som beslag, hengsler, glideskinner etc må smørjast minst ein gang pr år. Dersom det i ditt område er mykje forureining, bør det gjerast oftare. Det er viktig at beslag, tettelister og glideskinner ikkje blir overmalte. Dei vil då miste sine spesifikke eigenskapar. Det skal nyttast tynn olje eller syrefri vaselin.

Ved innadslåande balkongdører, blir det nytta eikersklar. Desse treng ekstra vedlikehold.

Eigenskapane til Eik er seigt og slitesterkt. Eik er eit hardt, slitesterkt og råtebestandig treslag. Oljen trekker ikkje då like lett inn, og dette gjer til at du må vedlikeholde og olje desse tersklane oftare. Fargen varierar frå gulaktig til grå i yteveden og frå gulbrun til grå eller rødblun i kjerneveden. Våre tersklar blir forsegle ved montering, slik at dei skal halde normal bruk i den første tida.

Etter kvart, må desse vedlikeholdast. Desse bør behandlast med olje som vedlikehold, gjerne owatrol, eller eit tynt lag med Osmo UV Protection. Forseglinga frå vår fabrikk vil fint holde til første vedlikeholdsintervall i normale sammenhengar. Vedlikeholdsintervallet blir etter behov, bruk og ytre påkjenningar.

**Generelle skadar :**

Alle produkt bør gåast over årleg for å avdekke skader. Små skader, kan gjere til at treverket trekker fukt, som igjen vil skade produktet. Dømer på dette kan vere dører som blir ståande i snø uten overbygg, der det kan forekomme snø som smeltar og frys igjen, og dermed pressar inn i produkt. Alle skader bør repererast umiddelbart, for så å forsegle produktet igjen slik at det ikkje trekk inn fuktigheit.

**Skade i glass :**

Det er mange grunnar til at glass kan sprekke eller bli skada. Dette kan komme av trykk, støt, slag eller termiske påkjenningar i samband med ulike temperaturar. I våre salgs og leveringsbetingelsar, utdjuar me meir om dette og kva som er reklamasjon eller ikkje i slike situasjonar.

**Andre generelle opplysninger :**

Våre produkt har ei antatt levetid på 15 år eller meir, dersom vedlikeholdsintervall blir fulgt, og produkta blir behandla normalt. Vær og klimatiske forhold kan påverke dette.

På glass som blir leverte med lav U-verdi, kan de forekomme dugg eller is på utside. Dette kjem av klimatiske forhold i lag med utformingen av bygningen, og er ikkje gjenstand for reklamasjon.

Garanti og reklamasjonsforhold finn du informasjon om på våre nettsider. Sjå også gode nettsider om reinhold av glass, service og vedlikehold. Du kan og nytte glass og fasadeforeningen som har mykje nyttig informasjon om vindauge og dørprodukt.

Dersom vindauge er montert over 800 moh, må dei trykkutjamnast. Spør oss om dette, og opplys om kva høgde vindauga skal monterast på. Dette er beskrevet i tilbud og ordrebekreftelsen vår som blir sendt ut til deg som kunde. Les og meir om trykkutjamning på våre nettsider.

**Våre samarbeidspartnerar og leverandørar :**

- Teknos Norge AS – maling
- Spilka AS – Beslag
- Sørbø industribeslag AS – Beslag
- Moelven Profil – material
- Press Glass – glass
- Hydal AS – aluminiumslister
- Hovland Transport AS – vareutkøyring
- Sangnes Trevarer – glasslister
- Polybase AB – sprosser



På Fjordglas sine nettsider : [www.fjordglas.no](http://www.fjordglas.no) finn du meir informasjon rundt våre produkt. Der ligg det monteringsanvisning, produktinformasjon, salgs og leveringsbetingelsar med meir. Sjå også ordrebekreftelse, som viser alle detaljar rundt din leveranse og kva produkt du har fått. For spørsmål, ta kontakt med oss på [post@fjordglas.no](mailto:post@fjordglas.no)

Fjordglas AS, telefon 576 82 120. Adresse Sanatorievegen 79, 6872 Luster.